



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 - 2025

Innhold

1. Innleiing	2
Bakgrunn for planarbeidet.....	2
Planprosessen	3
Kort om Fjaler	4
2. Fjaler kommune som organisasjon og arbeidsgjevar	5
3. Mål for samfunnsutviklinga i Fjaler.....	6
4. Arbeidsmarknad og næringsutvikling	7
5. Helse og omsorg.....	12
6. Oppvekstmiljø, barn og unge	17
7. Samfunnstryggleik og beredskap	20
8. Klima og miljø	22
9. Naturressursar, natur- og kulturlandskap	24
10. Bustadbygging og bumiljø	28
11. Hyttebygging.....	30
12. Infrastruktur, samferdsel og kommunikasjon.....	32
13. Sentrumsutvikling	34

1. Innleiing


Bakgrunn for planarbeidet

Alle kommunar skal ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen i sin heilskap skal utarbeidast etter reglane i plan- og bygningslova. I tillegg må det takast omsyn til sektorlover, samt nasjonale- og regionale retningslinjer. Det vil mellom anna vere statlege planretningslinjer, rikspolitiske retningslinjer (RPR), stortingsmeldingar, handlingsplanar, rundskriv og fylkesdelplanar.

Dette dokumentet utgjer kommuneplanen sin samfunnsdel og skal omfatte langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal reviderast i tråd med vedteken planstrategi, overordna føringar og relevant lovverk. Samfunnsdelen legg føringar for utarbeiding av arealdelen, og sidan ein reviderer desse samstundes er det viktig med god dialog mellom dei ulike arbeidsgruppene.

Fjaler kommune ynskjer å nytte samfunnsdelen som verktøy i den daglege sakshandsaminga og samfunnsutviklinga, og erstatte enkelte sektorplanar. Vi ynskjer at samfunnsdelen skal utgjere ei mest mogleg heilskapleg omtale av Fjaler kommune.



Bilete 1: Frå folkemøte i Våge 2013. Foto: Connie Hovland


Planprosessen

Prosessen med å utarbeide ny kommuneplan for Fjaler starta då kommunestyret vedtok overordna planstrategi 14.05.2012. Planstrategien slår fast behov for revidering av gjeldande kommuneplan (frå 2009). Første steg i prosessen med å revidere kommuneplanen var å utarbeide eit planprogram som vart vedteke i kommunestyret 17.06.2013.

Planprosessen for 2013/2014 legg opp til stor grad av involvering og medverknad frå innbyggjarane i planarbeidet. I samband med oppstart av kommuneplanarbeidet våren 2013 vart det gjennomført folkemøte på tre ulike stader i kommunen, der ein fekk innspel på til saman åtte ulike tema gjennom gruppearbeid. Alle folkemøta hadde god oppslutning – særleg i Dale. Innspela er vurderte og inkluderte i planen der det er relevant.

Alle kommuneplanar blir normalt evaluert og eventuelt rullert kvart fjerde år. Handlingsdelar skal rullerast årleg med mål om evaluering og kopling til økonomiplanarbeidet. Opne prosessar med fokus på medverknad og involvering skal gje god kvalitet i planarbeidet og innhald.

Utarbeiding av samfunnsdelen har føregått i samarbeid mellom sakshandsamarane i kommuneadministrasjonen, arbeidsgruppa for samfunnsdelen, tenesteleiarar, Fjaler Næringsutvikling (FNU) og andre med nøkkelposisjonar innan dei enkelte fagfelt. Styringsgruppa for kommuneplanarbeidet har blitt løpande orientert om framdrifta og innhaldet i samfunnsdelen. Organisering av arbeidet går fram av figur 1.1



Figur 1: Rullering av kommuneplanen, samfunnsdelen og handlingsdelen



Figur 2: Organisering av kommuneplanarbeidet

Kort om Fjaler

Eit godt liv, eit ope samfunn, yrande næringsliv, god infrastruktur

Fjaler er ein kystkommune på sørsida av Dalsfjorden i sørvestre delen av Sogn og Fjordane. Kommunen er relativt liten i folketal med om lag 2 850 innbyggjarar. Dale er kommunesenter og den største tettstaden med om lag 1200 innbyggjarar. Det langstrakte arealet på vel 400 km² er prega av typisk kystlandskap i vest og relativt høge fjell og heiområde i aust.

Folketalet i kommunen har i løpet av 10 år blitt redusert med 3,25 %. Den største nedgangen er i aldersgruppa 6-15 år, og særleg i den yngste delen av denne gruppa. Gruppa 0-5 år viser ein liten oppgang. Det er verd å merke seg at Fjaler har 200 elevar på United World College (UWC) i aldersgruppa 16-20 år, der ca 80 melder flytting inn og ut kvart år. Dette gjer til at det vil vere noko avvik i folketalsstatistikken og er noko ein må ta omsyn til ved framskriving av folketal. I framskriving av folketalet ser vi at gruppa 67-79 år aukar frå 2020 og følgeleg vil gruppa over 80 år auke frå 2030. Denne samansetninga og nedgangen i folketal er uheldig for kommunen sin økonomi og utvikling, og det er eit overordna mål å oppnå folketalsauke i kommunen.

Det er svært låg arbeidsløyse i kommunen, (om lag 1 %) og fleire av dei største verksemdene har hatt ei positiv utvikling og auke i tal arbeidsplassar dei siste åra. Det gjeld særleg innan kunnskapsarbeidsplassar, til dømes i Enoro (tidlegare Elis) og blant selskapa på Haugland. Den største veksten i arbeidsplassar dei komande åra er forventa i tilknytning til Lutelandet. Lutelandet er eit over 3000 mål stort industriområde der ein har som føremål å skape aktivitet innan fornybar energi, maritim- og offshorerelatert sektor. I

tillegg til arbeidsplassar vil det kunne gje ringverknader som til dømes tilvekst av underleverandørar og tilflytting.

Arbeidet med utvikling av aktivitetar på Lutelandet, samt Dalsfjordsambandet gjev moglegheiter for pendling, fleire arbeidsplassar og auke i folketalet dei komande åra. Dette inneber at kommunen må tilrettelegge for god infrastruktur og å ha tilstrekkeleg med attraktive, regulerte område for bustadar og næring tilgjengeleg.

Eit rikt organisasjonsliv med allsidige kultur- og fritidstilbod, gode skular og barnehagar, og flott natur, gjer Fjaler til ein god og trygg stad å bu og vekse opp i. Folk i Fjaler er stolte av sin eigen kultur. Samstundes har Fjaler lange tradisjonar for å opne seg mot omverda og ta i mot nye menneske og kulturar. Røde Kors United World College, Nordisk kunstnarsenter og europeisk utvekslingsprogram for ungdom gjev Fjaler ein internasjonal dimensjon som få andre kommunar av same storleik kan vise til.

Folk i Fjaler går spennande tider i møte med Dalsfjordsambandet som opna i desember 2013, utvikling av Lutelandet, stor vekst i lokale bedrifter, og ei optimistisk framtidstru der unge og eldre engasjerer seg i å utvikle sitt lokalsamfunn.

2. Fjaler kommune som organisasjon og arbeidsgjevar

Fjaler kommune har ansvar for velferdsoppgåver, forvaltning og samfunnsutvikling. Med endringar i samfunnet møter vi nye forventningar frå innbyggjarar, brukarar og samarbeidspartnarar, både når det gjeld kapasitet og kvalitet. Kommunen skal levere tenester til eit stadig meir differensiert samfunn med stort aldersspenn og mange ulike kulturar representert. Sentrale styresmakter styrer vår tenesteleveranse gjennom rettar, lovkrav, kontroll og tilsyn, samt krav til miljøomsyn i alle ledd. I tråd med endringar i forventningar og krav til kommunen sine tenester og oppgåver, vil også utfordringane som arbeidsgjevar endre seg.

Fjaler kommune har ein sårbar økonomi. Inntektsgrunnlaget har blitt svekka over tid, samtidig som oppgåvene har auka. Potensiale for vesentleg betring av økonomien må komme i form av auka inntekter eller kostnadsreduksjonar som følgje av strukturelle endringar. Dette stiller krav til effektivitetsauke i tenesteproduksjonen og iverksetting av tiltak for å auke folketalet i kommunen.

Fjaler kommune har hatt ei positiv utvikling dei siste åra og har mykje å vere stolte av. Det er godt samarbeid mellom administrasjon, folkevalde, publikum og brukarar av tenestene.

Fjaler kommune som organisasjon og arbeidsgivar skal jobbe målretta for å

- oppnå ein sunn kommuneøkonomi (netto driftsresultat på 3%, driftsreserve på minimum 10 millionar og netto lånegjeld på 40% av netto driftskostnader
- vere ein veldreven organisasjon som yter gode tenester og har nøgde pasientar, brukarar, tilsette og folkevalde

For å nå desse måla skal Fjaler kommune

- vere ein attraktiv arbeidsgjevar med eit solid omdøme
- rekruttere tilsette med fag- og høgskuleutdanning
- vere ein inkluderande arbeidsplass med fokus på eit godt arbeidsmiljø og gode tenester
- førebygge sjukefråvær og legge til rette for kompetanseheving og styrking av kvar enkelt medarbeidar sitt utviklingspotensiale
- vidareutvikle eksisterande interkommunale samarbeid og jobbe vidare for utvikling av nye samarbeid
- effektivisere tenestene og ha eit kontinuerleg fokus på forbetringar innan eigen organisasjon

3. Mål for samfunnsutviklinga i Fjaler

Hovudmål:

- Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvalting av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- Utbygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområder.
- Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløyser (som mobil og fiber)
- Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

Overordna mål:

- Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025


Folketalsvekst

Eit primært mål for Fjaler som samfunn er å auke folketalet. Fleire lokale bedrifter tek sikte på å utvide drifta si og auke tal tilsette i åra som kjem. Å tiltrekke seg nye innbyggjarar krev ikkje berre interessante arbeidsplassar, men også eit attraktivt samfunn i sin heilskap. Gjennomgangsbustader, attraktive hustomter, allsidige fritidstilbod, gode skular og barnehagar, nærbutikk og servicetilbod er del av heilskapen som må ligge til grunn for å tiltrekke seg og halde på nye fastbuande i kommunen.

Kommunen ynskjer difor å satse på infrastrukturtiltak, gode bustadstrukturar, gjennomgangsbustader, støtte til lokalt næringsliv og utvikling av Lutelandet for å tiltrekke seg nye tilflyttarar. Særleg viktig blir det å bygge vidare på dei områda der kommunen skil seg ut og tilfører noko ekstra til samfunnet – som til dømes innan kunst- og kulturnæringa. Framsnakk og litt sjølvskryt er viktig for å skape positiv haldning og positivt omdøme til Fjaler. Det gjeld det flotte landskapet vårt, det mangfaldige kulturtilbodet, det yrande næringslivet, alle eldsjelene og det opne samfunnet.

4. Arbeidsmarknad og næringsutvikling

Arbeidsløysa i kommunen er svært låg, 1,0 % versus 3,3 % på landsbasis (SSB 2013). Det har vore ein positiv vekst i tal sysselsette dei siste tre åra på 5,4% mot landssnittet på 3,7%. Utanom tradisjonelle verksemdar innan byggeverksemd og handverk, service- og handelsnæringar, er det ein høg andel sysselsetting knytt til verksemdar innan jordbruk, undervisning og utdanning, tenestenæringar innan IT og kultur, og helsenæringar som illustrert i figur 2.



Figur 2: Fordeling av sysselsette innan ulike næringar i Fjaler

Internasjonale og kunnskapskrevjande arbeidsplassar som til dømes ved Enoro og Haugland, bidreg til at kommunen er rangert som nummer fire i fylket, og nummer 34 (av 430 kommunar) nasjonalt i

høve andel høgare utdanna (sysselsette med minimum 4-år utdanning på universitets- eller høgskulenivå). Det internasjonale arbeidsmiljøet og ei sterk satsing på kunst og kulturproduksjon bidreg til å fremje Fjaler som ein kulturkommune, og ein open kommune - open for folk og open for idear.

Kunst og kulturnæringa, helse og rehabiliteringsdrifta, samt utdanningsinstitusjonane i kommunen utmerkar seg som viktige og karaktergjevande for kommunen. Desse tre får dermed utvida omtale, og det er ynskjeleg med ei fokusert satsing på vekst og utvikling innan desse. Dei største arbeidsplassane innan desse næringane er premissgjevande for mykje anna aktivitet kommunen, og fleire av handverk-, service- og handelsverksemdene leverer til, eller har eit sterkt kundegrunnlag i dei øvrige næringane. Fasilitetane på Haugland er til dømes også viktige for folkehelse og fritidstilboda i kommunen.

I tillegg til å styrke satsinga på dei næringane der vi frå før er gode og har potensiale til å oppnå meir, vil kommunen arbeide for å vere open for nye gründerar og eldsjeler som ynskjer å etablere seg og næringsdrifta si i kommunen, uavhengig av type verksemd. Vekst i næringslivet krev tilførsel av kompetanse og risikovillig kapital. Det krev verksemdar som evnar å nytte muligheitene i marknaden og som kan bygge nettverk og alliansar.

Dalsfjordsambandet med bru over Dalsfjorden knyt saman kommunane Fjaler og Askvoll og styrker eit felles bu- og arbeidsområde i Sunnfjord og Ytre Sogn. Dette vil kunne gje positive synergieffektar for kommunane i høve vekst i arbeidsmarknaden.

Landbruk:

Landbruksnæringa har gjennom tidene vore, og er framleis ei viktig næring i Fjalersamfunnet som i dag utgjør omlag 10 % av sysselsettinga innan jordbruk, skogbruk og fiske (medan landssnittet er på 2,8%). Produksjonen har tradisjonelt vore husdyrhald, matproduksjon, tømmer og vedproduksjon, forvaltning av vilt og fiskeressursar. Dei siste 50 åra har landbruksnæringa vore gjennom store strukturendringar, noko som har medført færre yrkesutøvarar medan produksjonsvolumet har vore relativt stabilt.

Tal sysselsette innan jordbruk og skogbruk har dei siste åra vore i nedgang, men nye trendar og nisjar innan t.d. vasskraft, gards- og naturopplevingsturisme, bioenergi m.m. kan representere nye satsingsområde. Kommuneplanen sin arealdel tek omsyn til dei viktigaste kjerneområda for landbruk og kulturlandskap. Sjølv om kommunen og næringa er underlagt sterke statlege føringar, skal det arbeidast for å oppretthalde produksjonsnivået og kulturlandskapet i størst mogleg grad.

Utdanning:

Dale vidaregåande skule er ein viktig kunnskapsarena i kommunen, både som arbeidsplass og studiestad. For elevane i Fjaler og kommunane rundt betyr skulen her at dei framleis kan bu heime under vidaregåande utdanning. Dale vidaregåande skule er den einaste regionale institusjonen i HAFS og har såleis ei viktig rolle som regional utviklingaktør. Å støtte arbeidet med å oppretthalde og styrke Dale vidaregåande skule er difor ei høgt prioritert oppgåve for kommunen. Nye regionale linjer i samarbeid med næringslivet er eit av tiltaka, og oppretting av ei IB-linje (*international baccalaureate*) i samarbeid med United World College på Haugland er eit anna.

United World College er lokalisert på Haugland og husar årleg 200 elevar frå 90 ulike nasjonalitetar. Studentane følgjer eit toårig studieløp som leier til ein *international baccalaureate*. Dette gjev arbeid til om lag 60 personar frå 20 ulike nasjonar, noko som bidreg sterkt til det internasjonale miljøet i Fjaler. I løpet av opphaldet i Noreg er studentane involverte i lokalt arbeid (gjennom eit ekstra akademisk program) og fleire av studentane har lokale vertskapsfamiliar, noko som fører til ytterligare kulturutveksling mellom dei lokale innbyggjarane og studentane.

IT og tenestenæringar:

Fjaler har fleire verksemdar innan IT og tenestenæringar som omhandlar prosjektering og sal av konsulenttenester og varer, samt utvikling og sal av programvare. Døme på dette er Avans AS, Suso AS, Skår VVS, Brødrene Dahl AS vasskraft og Enoro. Sistnemnde har om lag 80 tilsette ved hovudkontoret i Dale, og er ei av dei bedriftene i Fjaler som har hatt stor vekst i tal sysselsette dei siste åra.

Kunst og kulturproduksjon:

Fjaler kommune har ei lang historie der internasjonale impulsar, kunst og kultur har vore viktige element i samfunnsutviklinga. Nordisk kunstnarsenter etablerte seg i Dale allereie i 1998, og fleire med bakgrunn innanfor profesjonell kunstproduksjon og kreative næringar har no funne miljøet i Fjaler attraktivt og har etablert seg her. Designsenteret Transplant, som er ei spin-off verksemd av kunstnarsenteret, vart etablert i 2007, og sidan har det kome til scenekunst/produksjonsselskap, ”tekstilfabrikk”, utstillingar, og mangfaldig kunstnarleg verksemd. Fjaler var stolt arrangør av den første teaterfestivalen i fylket i 2013 med stor oppslutnad og merksemd.

Bulystprosjektet Preform med oppstart i 2012 har hatt som oppgave å legge til rette for at den positive utviklinga innan dei kreative næringane vert ført vidare. Fjaler er i ein unik situasjon som arena for kunst- og kulturproduksjon, og miljøet er kjenneteikna av profesjonalitet, internasjonal profil og høg fagkompetanse.

Helse og rehabilitering:

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er ein spesialistinstitusjon innan fysikalsk medisin og rehabilitering. Senteret er eigd av Sogn og Fjordane Røde Kors og vart opna som rehabiliteringssenter i 1992. I dag har institusjonen totalt 70 godkjente plassar. I tillegg til døgnbasert rehabilitering, har senteret dagtilbod for pasientar som treng rehabilitering i spesialisthelsetenesta, samt eit poliklinisk tilbod til personar som har behov for spesifikk lymfødembehandling. Rehabiliteringssenteret har omlag 62 årsverk fordelt på 80 tilsette.

Industri:

Lutelandet er eit over 3000 mål stort industriområde sentralt plassert ved kysten nær store olje-, gassfelt og mineralressursar. Arbeidet med utvikling av området starta i byrjinga av 2000-talet og vert leia av Lutelandet Utvikling AS, eit utviklingsselskap med oppgave å marknadsføre Lutelandet som industriområde. Selskapet samarbeider med energiselskap, industribedrifter, teknologiutviklingsmiljø, og forskingsinstitusjonar for å få utvikla prosjekta som skal gje liv til Lutelandet. På området er det planlagt servicehamn for petroleumsindustrien, med blant anna Europas største tørrdokk, vindkraft og avvikling av oljeinstallasjonar. Lutelandet Offshore AS vil stå for utvikling av industriområde, medan vindkraftanlegga vert utvikla av Lutelandet Energipark AS. Lutelandet Energipark AS er eigd av Vestavind Kraft og har fått

konsesjon til utbygging av eit vindkraftanlegg på 45 MW installert effekt, pluss eit testanlegg for offshore turbinar på 10 MW.

Fiskeri- og akvakultur:

Fiskeri- og akvakultur er viktige næringar i Fjaler kommune og ein vil ta omsyn til næringas moglegheit for utvikling i kommuneplanen. Eksisterande områder til akvakultur skal avgrensast i arealdelen. Det må samstundes vurderast behov for, og setjast av tilstrekkeleg areal til utviding av eksisterande lokalitetar og areal til nye lokalitetar.



Bilete 2: Dale Vidaregåande. Fotograf ukjent

Overordna mål					
Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar.					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Ansvar/Plan	Tidsperspektiv	Økonomi:
Fjaler kommune skal ha vekst i tal arbeidsplassar Fjaler kommune skal ha eit godt samarbeid med nabokommunane med mål om å utvikle felles bu- og arbeidsområde Fjaler kommune skal gjennom Fjaler Næringstuvikling (FNU) stå for hjelp og oppfølging av eksisterande næringsliv og nyetablerarar.	Fjaler kommune skal i særleg grad satse på, og bidra til utvikling innan: - kunst- og kulturproduksjon - utdanningsinstitusjonar og kunnskapsproduksjon - helse og rehabilitering - industri på Lutelandet - IT og tenestenæringar	Fjaler kommune vil arbeide for å utvikle nye regionale linjer i samarbeid med næringslivet, og ei IB linje i samarbeid med UWC, ved Dale vgs. Vidareføre Preformprosjektet Bygge opp om og vidareutvikle handels-/ service- og kulturnæringa i kommunesenteret. Arbeide for å utvikle Dale som ein attraktiv stad å besøke. Delta i HAFS regionråd sitt forprosjekt for felles utviklingsorganisasjon.	FNU Kulturkontoret Politisk leiding Strategisk næringsplan for Fjaler kommune	Planperioden Planperioden Planperioden	Drift og/eller invest. Drift Investering
	Sikre tilstrekkelig og eigna areal til handel og industri slik at lokale verksemder kan ekspandere og nye kome til Utgjeie potensialet for ein felles utviklingsorganisasjon i HAFS- regionen. .	Definere dei viktigaste kjerneområda for landbruk og kulturlandskap Arbeide politisk for å fremje ein landbrukspolitikk som gjev ei akseptabel økonomisk inntekt for yrkesutøvarane innan landbruket i Fjaler Oppretthalde infrastruktur i bygdesentra, og tilrettelegge for nybygging/generasjonsskifte i tilknytning til gardsbruk	Kommuneplanens Arealdel	Planperioden Planperioden Planperioden	
	Fjaler kommune vil medverke til at landbruksproduksjonen vert oppretthalden innafor dei nasjonale økonomiske rammer og i høve til dei klimatiske tilhøva som Fjalerlandbruket har.				

	Fjaler kommune vil medverke til oppretthalding og styrking av fiskerinæring og akvakultur.	Setje av areal til akvakultur og viktige fiskeressurs- og fiskebruksområde i arealdelen	Kommuneplanens arealdel	Planperioden	
	Nytte kulturminne, kulturmiljø, natur og kulturlandskap, til å styrke kultur- og reiselivsnæringa.	Opparbeide gode turstiar og informasjonstavler ved kjende kulturminne og –miljø. Informere om og synleggjere natur og kulturattraksjonane våre i media og ulike fora Bidra til å greie ut eventuell deltaking i ein regional park	FNU, Kulturkontoret Politisk leiing Fjordkysten		

5. Helse og omsorg

Fjaler kommune skal innan tenestene som er omfatta av pleie og omsorg ha tilfredse pasientar og brukarar. Innan bistand og omsorg betyr det at brukarane skal oppleve tryggleik og møtast med respekt. Hjelp/bistand/pleie skal bli tildelt ut frå ei fagleg vurdering der teneskildringar sikrar at dei grunnleggjande behova vert dekkja og der BEON (Beste Effektive Omsorgs Nivå) prinsippet vert lagt til grunn. Brukarane skal kunne delta i prosessar som gjeld kva hjelp som skal ytast der dette kan stimulere til eigeninnsats og eit betre resultat for brukaren. Tenestene internt i kommunen og mellom eksterne samarbeidspartar skal vere samordna og koordinert slik at dei framstår som ein heilskap. Ressursane skal nyttast på ein god og rettferdig måte med kostnadseffektive tenester. Helsefremjande og førebyggjande innsats skal vere i fokus og det skal leggjast til rette for sosial kontakt og trivsel. Dette er ein viktig faktor i folkehelsearbeidet.

Auke i tal eldre vil på sikt medføre behov for fleire ressursar og truleg behov for meir bygningsmasse innan helse- og omsorgssektoren. Fjaler har dei siste åra opplevd auke i tal mottakarar av kjernetenester særskilt i gruppa 67-79 år, men også i høve yngre brukarar med funksjonshemming.

Bistand og omsorg

Plan for bistand og omsorg 2012-2016 skildrar seks satsingsområde med tilhøyrande handlingsplanar der dei viktigaste strategiane er integrert i samfunnsdelens handlingsplan.

Samhandlingsreforma:

Samhandlingsreforma inneber at kommunane tek over deler av tenesteproduksjonen frå helseføretaka, og at det er utarbeidd

samarbeidsavtalar mellom kommunen og helseføretaka. Dette skal gje betre eller like gode tenester som før nærare brukarane, i tillegg til auka fokus på førebyggjande arbeid og folkehelsearbeid. Samhandlingsreforma medfører behov for meir og betre tverrfagleg samarbeid kring brukarane. Innan sekundærførebyggjande arbeid /rehabilitering vil tverrfagleg samarbeid vere naudsynt for å lukkast med innsatsen. Dette utfordrar planleggings- og utviklingskapasiteten i kommunen, men tidleg innsats og igangsetting av arbeidet på dette feltet vil kunne gje gevinstar på sikt.

Universell utforming:

Det skal takast omsyn til universell utforming i alle planverk. Lovkrav til universell utforming i nybygg vert følgt opp gjennom byggesakshandsaminga. Dei største utfordringane når det gjeld universell utforming, vil vere knytt til tiltak i eksisterande områder, bygg og infrastruktur. Fjaler kommune ynskjer å arbeide for universell utforming i offentlege bygg, knutepunkt og sentrumsområde.

Folkehelse:

Den nye folkehelselova som vart sett i verk 1.januar 2012 har som føremål å bidra til ei samfunnsutvikling som skal fremje folkehelse og jamne ut sosiale skilnader. Kommunen skal sikre folkehelsearbeidet ved å legge til rette for å fremje helse, trivsel og redusere faktorar som har negativ innverknad. Samfunnet vi lever i har innverknad på folkehelsa vår. Folkehelsesituasjonen i ein kommune kan ikkje forklarast ut i frå individuelle val og genetiske føresetnader åleine. Samfunnsmessige tilhøve påverkar helsa vår, og er også med på å skape sosiale helseskilnader.

For å gjere folkehelsearbeidet treffsikkert i kommunen er det ein føresetnad å identifisere tilhøva som har innverknad på befolkninga si helse. Det vil seie å ha ei oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar i Fjaler. Folkehelseprofilane for 2012 og 2013 gjev ein peikepinn på utfordringane i kommunen. Samla ser ein ei negativ utvikling når det gjeld førekomst av livsstilssjukdommar, særleg for type-2 diabetes. Kvaliteten på data som er nytta i folkehelseprofilane varierer, og ein bør vere forsiktig med å bruke dette verktøyet som einaste grunnlag for folkehelseutfordringane. Likevel er det naturleg å tru at Fjaler følgjer trendane i landet generelt, og at livsstilssjukdomar synast å vere ei reell utfordring. Vi veit at den norske befolkninga sett under eitt er blant dei minst fysisk aktive i Europa. 1 av 5 (i alderen 20-70+ år) oppfyller tilrådd mål for fysisk aktivitet.

Å auke fokus og ressursbruk for å sikre helsefremjande og førebyggjande innsats er heilt nødvendig, mellom anna for å oppnå positiv utvikling på folkehelseprofilane. Vidare må ein arbeide for å gjere folkehelsearbeidet til ein kontinuerleg politisk prosess, innanfor alle område. Tverrsektorielt samarbeid er eit nøkkelord innan folkehelsearbeid, både i og utanfor kommuneorganisasjonen.

Samfunnsdelen som heilskap skildrar fleire mål og tiltak som dreier seg om folkehelse. Arbeidet vidare blir å utvikle ein eigen handlingsplan for folkehelsearbeidet i Fjaler, noko som krev ein grundigare gjennomgang og oversikt over helsetilstanden på kommunenivå. Like viktig som å identifisere negative påverknadsfaktorar og utfordringar, er å sjå på dei ressursane som påverkar helse i eit lokalsamfunn. I Fjaler er natur og friområde lett tilgjengeleg. Vi har eit rikt kultur- og idrettstilbod samt ei aktiv kyrkje, som gjev sosiale møteplassar.. Alle desse ressursane er med på å gje eit godt grunnlag for folkehelsa i Fjaler.



Bilete 3: Folkehelse – tur. Foto: Monica Sæle



Bilete 4: Folkehelse – padling. Foto Siren Juliussen

Overordna mål					
Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Ansvar/Plan:	Tidsperspektiv	Økonomi:
Sikre mest mogleg helse innafor dei ressursane som er tilgjengelege i kommunen. Legge til rette for at innbyggjarane får gode høve for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet slik at dei kan utvikle seg ut i frå egne interesser og føresetnader jamfør kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013-2016 Utjamne sosiale helseskilnader	Kartlegge status for helsetilstanden og påverknadsfaktorane i Fjaler kommune Utarbeide ein folkehelseplan. Samarbeid på tvers av etatane i kommunen og mellom kommunale og private aktørar Satse på førebyggjande og helsefremjande tiltak med eigenmestring i fokus for å førebygge funksjonssvikt og forverring av helse.	Frisklivssentral Utstyrssentral	Folkehelsekoordinator Folkehelsekoordinator Folkehelseplan	2014- 2014- Planperioden	Drift Drift/invest.
	Legge til rette for lågterskeltilbod innan kultur, idrett og friluftsliv, der økonomi ikkje er avgjerande for deltaking Sikre ei plan- og målstyrt utbygging av idrettsanlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Sikre folkebiblioteka Sentrumsnære turstiar Sikre attraktive friluftsområde Vedlikehalde og opparbeide turstiar Etablere klatrepark	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013-2016 Idrettsrådet Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013-2016	Planperioden Kulturkontoret 2014 Planperioden	Invest. (sjølvfin.) Drift
Ha eit best mogleg kommunehelsetilbod i kommunen	Rekruttere, bygge opp og utvikle kompetansearbeidskraft Samarbeide med nabokommunane for å kunne oppretthalde og utvikle tenestetilbodet	Vidareutvikle gode primærhelsetenester i kommunen Vidareutvikle ei god rehabilitering- og omsorgsteneste		Planperioden Planperioden	Drift Drift

	Avklare og formalisere samarbeid internt i kommunen, med andrelina, andre kommunar og instansar som det er naudsynt og tenleg å samarbeide med.	Utvikle ei fagelg forsvarleg teneste innan miljøretta helsevern og smittevernsarbeid Lokalmedisinske tenester og funksjonar for øyeblikkeleg hjelp i samarbeid med SIS og HAFS kommunane (Sunnfjord og Ytre Sogn) Utviklingsprosjekt og hospiteringsordningar i samarbeid med SIS og HAFS kommunane (Sunnfjord og Ytre Sogn)		2014	Drift
				Planperioden	Drift
Fjaler skal vere eit ope og raust lokalsamfunn	Utvikle trygge lokalsamfunn med gode møteplassar for alle.	Ha aktive grendelag og grendehus, kyrkjer og bedehus Ha ein aktiv Frivilligsentral Utarbeide plan for mottak og integrering av flyktningar Ta omsyn til minoritetskulturar i alt planverk Oppmode og ansvarleggjere lag og organisasjonar til å inkludere tilflyttarar i deira aktivitetar	Kulturkontoret	Planperioden 2014 Planperioden Planperioden	Drift/invest.

Flest mogleg brukarar skal bu heime så lenge som mogleg	Innan heimetenesta skal ein halde fram eit sterkt fokus på -tenester og tiltak i eigen heim, - styrke og vidareutvikle demensomsorga. - vidareutvikle heildøgnsstenester i omsorgsbustader. Styrke og prioritere korttidsfunksjonar knytt til sjukeheimane framfor å satse på sjukeheim som buform.	Satse på velferdsteknologi for at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg. Dagsenter for demente Nytte kompetansen til ergoterapeut Vurdere trong for å etablere ei korttidsavdeling som kan ta hand om utredning, behandling, rehabilitering og avlastning.			
Ha tilstrekkelig med sjukeheimplassar og/eller omsorgsbustader, og sikre gode bumiljø for personar som treng bistand.	Bustader for personar som treng assistanse frå hjelpepersonell må ligge i nærleik til allereie organiserte helse- og omsorgstenester.	Utgjeie trongen for omsorgsbustader i kommunen og bygge fleire om naudsynt Sjå byggetekniske utbetringar i samanheng med bustadsosial handlingsplan og eventuelle endringar der. .	Bustadsosial handlingsplan		

6. Oppvekstmiljø, barn og unge

Skular, barnehagar og fritidstilbod

Skule er det tenesteområdet som har vore høgast prioritert dersom ein samanliknar kostnader til drift med andre kommunar og kommunegruppe. Det gjer at det i framtida blir meir krevjande å oppretthalde strukturen slik den er i dag. Innan skule blir det viktig å sikre god kvalitet på opplæringa, drive kostnadseffektivt og samtidig oppnå like gode skuleresultat som Fjaler har utmerka seg med dei siste 5 åra.

Fjaler har i dag 5 grunnskular og har hatt eit stabilt elevtal på ca 325 elevar dei siste åra. På Dingemoen i Dale, i Flekke og på Guddal er det skule for elevar på 1-7 trinn og desse går vidare på Fjaler ungdomsskule i Dale på 8-10 trinn. På Våge er det barne- og ungdomsskule for elevar på 1-10 trinn. Fjaler har skulefritidsordning for elevar på 1-4 trinn. Fjaler har 6 barnehagar og 2 av desse er private. Dei kommunale barnehagane er lokalisert i Dale, Flekke, Guddal og Hellevik, medan det er privat barnehage i Dale og på Våge. Dale vidaregåande skule er den einaste regionale utdanningsinstitusjonen i HAFS. Det er i dag ca 150 elevar på skulen fordelt på 4 utdanningsprogram. Skulen betyr mykje for Fjaler og kommunane rundt og gjer at elevane framleis kan bu heime. Å oppretthalde og styrke Dale vidaregåande skule er difor ei prioritert oppgåve for kommunen.

Fjaler har elles eit stort og variert kultur og fritidstilbod som gjev mogelegheiter for ei aktiv fritid. Hyllestad og Fjaler kulturskule gjev undervisningstilbod til skuleelevar og andre innan musikk, song, teater kunst, husflid og handtverk og moderne dans. Det er fleire

aktive idrettslag i kommunen som gjev gode tilbod innan idrett og friluftsliv.

Kyrkja

Fjaler har to kyrkjer, Dale og Guddal, samt Hellevik kapell og Folkestad bedehuskapell. Kyrkja i Fjaler er ein viktig kulturarena og ein viktig aktør i lokalsamfunnet. Kyrkja har ein viktig plass i livsløpet til mange av innbyggjarane særleg innan trusopplæringsarbeid, og vidareføring av den kristne kulturarven for born og unge.

Prosjekt og satsingsområde

Barnehagane i kommunen har, fokus på å utvikle og auke sosial kompetanse med vektlegging på venskap og omsorg for på den måten å førebygge mobbing. Barns språkutvikling er eit viktig satsingsområde som vil bli arbeidd meir med i åra framover saman med foreldre, helsestasjon, skule, PPT og barnevern.

Tverrfagleg arbeid er etter intensjonen i «Sjumilssteget» som er ei satsing på barn og unge initiert frå fylkesmannen. Sjumilssteget handlar om å iverksette FN's barnekonvensjon rundt om i kommunane i landet. Dei sju punkta i barnekonvensjonen inneheld fleire av dei satsingane vi vil ha fokus på i Fjaler i åra som kjem, m.a. barn sin medverknad i barnehage og skule, god utdanning, omsorg og god helse.

Innan skule vil det nasjonale satsingsområdet «Motivasjon og mestring for bedre læring» vere fokusområdet dei næraste 4 åra. Strategien inneber ei felles satsing på klasseleiing og grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skrivning og rekning. Satsinga er også kalla «ungdomsskulemeldinga», men i lag med HAFS og Høyanger-

oppvekst og utdanningsregion let vi satsinga gjelde i heile grunnskulen. Alle lærarar og elevar vil difor vere involverte - og ikkje minst dra nytte av denne satsinga. Dette fokusområdet er også ei vidareføring av prosjektet «Ny GIV» som var eit samarbeid med vidaregåande skule der målet er å hindre/reducere fråfall i skulen. Det er viktig at skulane jobbar godt for å innarbeide dei ulike satsingane i skulekvardagen.

Det gode samarbeidet i regionsamarbeidet i HAFS og Høyanger vil vere viktig også i åra som kjem både for barnehage og skule. Kommunen har stor nytte av samarbeidet på ei rekke område, t.d. på spesifikke fagområde, kvalitets- og kompetanseutvikling og skule- og barnehagevurdering.

Med tanke på hovudmålsettingane til Fjaler kommune om å auke folketalet, og vere ein god og trygg plass å bu er det viktig å legge til rette for at barn og ungdom kan verte samfunnsengasjerte innbyggjarar, med tilhøyrrighet og framtidsutsikter i kommunen.



Bilete 5: Teater. Foto: Ola Hovland



Bilete 6: Friluftsliv. Foto: Ola Hovland

Overordna mål					
Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Ansvar/Plan:	Tidsperspektiv	Økonomi:
Barn og unge skal kunne føle tilhøyrrighet og ha framtidsutsikter i kommunen	Bygge identitet	Legge til rette for elevbedrifter	Skulepolitisk plan	Planperioden	Drift
		Skape læringleplassar		Planperioden	Drift
		Fremje lokal kulturhistorie		Planperioden	
				Planperioden	Drift
Oppfylle måla i FNs barnekonvensjon (sjumilssteget).	Ha eit aktivt ungdommens kommunestyre	Halde fram utviklingssamarbeidet innan HAFS + Høyanger	Politisk leiing	Planperioden	Drift
	Ha eit aktivt barnevern	Deltaking i «Av og til» - ruspolitikk retta mot barn	Skule og folkehelsekoordinator.		Drift
	Større grad av tverrfagleg samarbeid om barn sitt beste	Oppretthalde og vidareutvikle ein god kulturskule		Planperioden	Drift
	Samarbeide med friviljuge lag og organisasjonar, skular, barnehagar og familiar om fysisk aktivitet og fritidstilbod for born og unge	Oppretthalde skulefritidsordninga(SFO)	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013-2016	Planperioden	Drift
	Arbeide for eit godt skule og barnehagetilbod i kommunen	Aktiv deltaking i nasjonale satsingsprogram innan skule og barnehage. Som til dømes motivasjons og meistringsprosjekt.	Skulepolitisk plan	Planperioden	Drift
	Arbeide for å oppretthalde og styrke Dale vidaregåande skule	Opprette fulltidsstilling som utviklingsrettleiar i samarbeid med HAFS –skulesamarbeid		Planperioden	Drift
	Jobbe med målsetting, planverk som grunnlag for forbetring og kvalitetsutvikling i skule og barnehage. Kompetanseheving – vurdering og klassesdeling	Hospitering internt i skule og barnehage og med nabokommunar	Skulepolitisk plan	Planperioden	Drift
Trygg skuleveg	Arbeide for gang- og sykkelveg		Trafikktryggleiksplanen	2014	Drift/invest.

7. Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane har dei siste åra fått nye oppgåver og eit større ansvar for å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur.

Kommunen må vere rusta til å møte kriser av forskjellig storleik og konsekvens; frå skipshavari og oljeureining, svikt i straumforsyning til pandemi og større ulykker. Kommunen må også ta høgde for å takle situasjonar som har oppstått som følge av ekstremver og

havnivåstigning. Kompetanse og planverk må tilpassast nye krav, overordna risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) må gjennomførast, og samfunnstryggleik må få ein brei plass i areal- og verksemdsplanar. Dei siste tre åra har vi opplevd fleire ras enn tidlegare, noko som stiller større krav til konsekvensutgreiingar og at ein unngår nybygging i fareområde. Det betyr at i åra som kjem vil tilpassing og oppdatering av planverk, kompetansehevingstiltak, øvingar og samarbeid med andre instansar, og investering i sikringstiltak ha eit særskilt fokus.



Bilete 7: Stormflo. Foto: Monica Sæle



Bilete 8: Rassikring. Foto: Connie Hovland

Overordna mål:					
Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin tryggleik					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Plan/ansvar	Tidsperspektiv	Økonomi:
Ivareta innbyggjaranes tryggleik og vera førebudd på uønska hendingar som til dømes: - smittesjukdom, pandemi - brann, trafikkulykker, båthavari og andre storulykker med mange involverte - naturskade - brot på infrastruktur, vegnett - straumbrot Førebygge naturskade	Ha eit oppdatert beredskapsplanverk Samarbeid med andre offentlege instansar og organisasjonar om førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver der det er hensiktsmessig	Gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalyser	Beredskapsplanen	Planperioden	Drift
		Gjennomføre beredskapsøvingar	Beredskapsplanen	Planperioden	
		Kursing og kompetanseheevande tiltak blant dei tilsette i kommunen	Beredskapsplanen	Planperioden	
	Kartlegge risiko for naturskade i utsette områder Ta omsyn til klimaendringar i all planlegging	Rassikringsstiltak	Teknisk kontor	Planperioden	Drift/invest.
		Flaumsikring	Teknisk kontor/ LAF/ NVE	Planperioden	Invest.
		Utbygging lågare enn kote 4 må vurderast i høve havnivåstigning og stormflo	Arealdelen Kommunedelplanar Reguleringsplanar Teknisk kontor	Planperioden	Invest.
	Arbeide for å styrke trafikktryggleiken	Etablere fleire gang og sykkelveggar	Trafikktryggleiksplan	2014/ Planperioden	Invest.
	Sikre kommunale drikkevasskjelder	Tiltak er spesifisert i den overordna ROS analysa	Hovudplan for vatn og avløp		

8. Klima, energi og miljø

Det skal takast omsyn til klimaendringar som til dømes havnivåstigning, auka flaum-/skredfare og ekstremvær i kommuneplanarbeidet. Nye tiltak bør ikkje planleggast i sårbare og utsette områder. Konsekvensane må vurderast samla og for kvart enkelt område gjennom ROS-analyser. Gjeldande kommunedelplan for energi, klima og miljø skal vere eit reiskap for å sikre heilskapsomsyn i saker som vedkjem energi, klima og miljø.

Oppgradering til mindre energikrevjande oppvarmingssystem og tiltak for å redusere avfallsmengder gjennom til dømes sortering vert viktige satsingsområde. Det er fleire grunneigarar som har planar om og ynskjer å få til utbygging av fornybar energi (mikro og minikraft), men som opplever at lovverket gjer det vanskeleg og kostnadskrevjande. I den grad det er mogleg skal kommunen legge til rette for lokalproduksjon av fornybar energi og andre energi- og klimareduserande tiltak.

Flekke og Guddalsvassdraget

Flekke og Guddalsvassdraget er i hovudsak verna mot kraftutbygging. Det er utarbeidd ein eigen fleirbruksplan (1994) for vassdraget som er under revisjon i 2014. Revidert fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget skal gje kommunen eit oppdatert og moderne reiskap for forvaltning av vassdraget i arbeidet med å nå fylgjande mål:

- Sikre vassdraget som ressurs
- Samordne og betre bruken av vassdraget og dei vassdragsnære områda
- Kartleggje og søkje å løyse motsetningar/konfliktar
- Sikre Guddalsvassdraget som levande lokalsamfunn basert på eksisterandebusetnad/næringsliv

Ny plan skal legge til rette for at vassdraget skal få ei differensiert forvaltning utifrå verneverdiar og arealtilstand. Det nye planverket skal spesielt søkje å klargjere tilhøve knytt til å nytte energipotensialet i vassdraget gjennom etablering av mikro- mini- og småkraftverk.

Overordna mål					
Redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Tidsperspektiv	Plan/ansvar	Økonomi:
Redusere utslepp av klimagasser	Bevistgjøring av innbyggjarane sitt forbruk og forureining	Tilrettelegging av gang og sykkelstiar	Kommunedelplan for energi, klima og miljø 2010-14	2015	Drift/invest
Redusere kommunal energibruk med 10 %	Oppfølging av ENØK-analysen/ energiutgreiinga av kommunale bygg	Søke midlar til energisparetiltak / ENØK-tiltak	ENØK-analyse og energiutgreing av kommunale bygg	Planperioden	Drift/invest
Auke lokalproduksjon av fornybar energi	Støtte lokalproduksjon av fornybar energi og andre energi- og klimareduserande tiltak		Kommunedelplan for energi, klima og miljø 2010-14		
Redusere avfallsmengder	Bevistgjøring av innbyggjarane sitt forbruk og forureining	Kjeldesortering/kompostering	Kvar einskilt – Sunnfjord miljøverk (strategi og informasjon)	Planperioden	

9. Naturressursar, natur- og kulturlandskap

Landskapsmessig er Fjaler eit vestland i miniatyr, med øyar og holmar lengst vest, og frodige fjordar som strekk seg austover i kommunen og endar i flotte fjell og heier. Dette gjev eit rikt og variert landskap med eit mangfaldig dyre- og planteliv, og ulike moglegheiter for jordbruk, matauk og natur- og friluftsliv. Bevaring av natur- og kulturmiljø vil vere ein viktig faktor i arealplanlegginga.

Naturlandskap og friluftsområde:

Fjaler har store område med tilgjengeleg naturlandskap som nyttast til friluftsliv og rekreasjon. Nokre av desse områda er utan tekniske inngrep, medan andre område inneheld hytter og traktorvegar. Det er særleg ynskjeleg å ivareta urørte område (natur 1-5 km frå tekniske inngrep) i størst mogleg grad då dei har ein særskild opplevingsverdi. Desse områda vil bli kartfesta i kommuneplanens arealdel og bør takast særskilt omsyn til ved nye tiltak

Av område i og langs sjø/strandline så er Korssundet og Flekkefjorden av særleg verdi for båtutfart, vannsport og bading. Viktige friområde både til fjells og ved sjøen blir avmerkt i arealdelen

Det er om lag tjue skilta og merka turstiar fordelt i heile Fjaler og eit eige turkart for Hyllestad og Fjaler. I tillegg er det tilrettelagt ein sentrumsnær tursti i Dale som er venta å bli ferdig lyssett i løpet av 2014. Filosofgangen på Tysse er ein tursti som knyt saman kulturminne og natur og var eit pilotprosjekt i turstiprosjektet Kystarven. Alle desse stiane er godt brukte og det vert viktig å vedlikehalde dei også i framtida. Fossedalen i Askvoll er eit viktig utfartsområde også for Fjaler, og det vert jobba med eit samarbeid om sti frå brufestet og inn i dalen.

Naturmangfald

Det biologiske mangfaldet i kommunen har vore registrert, men framleis er det store deler av kommunen som endå ikkje er kartlagt. Naturmangfaldet må takast vare på og ein må gjennom all planlegging ta omsyn til det og unngå nedbygging av viktige lokalitetar og artar.

Spesielle naturlokalitetar:

Dalsfjorden, i frå Holmedal/Straumsnes og vidare austover, har status som nasjonal laksefjord med formål å gje eit utvalg av dei viktigaste laksebestandene i Noreg eit særskilt vern. Desse bestandane skal beskyttast mot skadelege tiltak og aktivitetar i vassdraga, og mot oppdrettsvirksomhet i dei nærliggande fjord- og kystområda (NVE.no 19.09.2013).

Flekkje og Guddalsvassdraget er verna på grunnlag av å vere eit anbefalt type- og referansevassdrag. Den høgareliggende delen av vassdraget er utan bebygging og nesten utan tekniske inngrep og innehar dei viktigaste friluftskvalitetane i området. Nedre del av vassdraget har bestandar av laks og sjørørret som er avhengig av jevnt tilsig fra sidevassdraga (NVE.no, verneplan for vassdrag 19.09.2013).

I Fjaler er det to **sjøfuglreservat**: Myrbærskjæra og Holmelidholmen. Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Reservatet kring Myrbærskjæra har klart tilbakegangen i sjøfuglbestandane betre enn mange andre hekkeplassar i fylket dei siste ti åra (Miljødirektoratet, Naturbase.no 19.09.2013).

Sørebømyrane naturreservat er ein del av verneplan for myr, og ligg i dalføret innanfor Sørebø i Guddalsvassdraget, og femnar om både dalbotnen og liene eit godt stykke oppover (Miljødirektoratet, Naturbase.no 19.09.2013).

Lona naturreservat er også ein del av verneplan for myr, og området er sentrert kring nedste delar av Loneelva, som renn ut i Breivågen i Dalsfjorden. Kombinasjonen av arealstorleik, låglandsvassdrag med stor variasjon i myr- og vassmiljø, og låg grad av inngrep, gjer at området truleg har mykje å seie for sikring av biologisk mangfald (Miljødirektoratet, Naturbase.no 19.09.2013).

Skogforvaltning:

Fjaler kommune sitt samla areal er vel 400 000 dekar. Om lag ¼ av dette er rekna som produktivt skogareal. Det arealet som er skogkledt er vesentleg større. Av det produktive skogarealet er om lag 1/3 tilvaks med lauvskog. Fureskogen utgjer litt større areal og granskogen litt mindre. Dei siste åra har andelen lauvskog auka.

Vel 25 000 dekar er i dag tilvaks med gran som i løpet av dei neste 20 – 30år bør hoggast. Samla verdi av denne grana avverka ved hogstmogen alder og foredla til skurlast vil med dagens prisar utgjere om lag 2 milliardar kroner. Dette gjer Fjaler til ein av dei store skogkommunane i fylket.

Viltforvaltning:

Hjort: Hjortejakta er for mange ein viktig fritidsaktivitet og kjelde til matauk og attåttnæring. Dei siste åra (2010-2012) har det vore teke ut kring 600-700 dyr. Hovudmålsettinga for hjorteforvaltninga i Fjaler er å ha ei sunn hjortestamme som gjev eit haustbart overskot sett i høve til leveområda sin produktivitet og mangfald. Forvaltninga skal vidare sikre ein bestandsstorleik som ikkje fører til uakseptable

skader knytt til skogbruk, jordbruk, trafikk og andre samfunnsinteresser (Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt i Fjaler, 2013-2016).

Mineralske ressursar:

Det er eit mål at kommunen i størst mogleg grad er sjølvforsynt med byggjeråstoff som sand, pukk og grus for å minimere transport og klimautslepp. Nokre av dei største grusførekomstane i kommunen finn ein i Dale sentrum og deler av desse vert utvunne i dag. Dette er viktige ressursar for å oppretthalde sjølvforsyninga av byggjeråstoff i kommunen samstundes som den vidare utnyttinga av desse kan ha betyding for utvikling av sentrum og område rundt. Viktige mineralførekomstar i kommunen og utnytting av desse må avklarast i samband med arealplanarbeidet.

Kulturminne og kulturmiljø:

Fjaler har mange viktige kulturminne og kulturmiljø som ein må ta vare på og forvalte for framtida. Kulturminne er spor etter menneske sitt liv og virke og kan vere alt frå eit historisk bygningsmiljø til ein arkeologisk funnstad. Alle kulturminne inngår i eit landskap eller kulturmiljø og bør alltid sjåast i samanheng med omgjevnadene. Nye bygg og anlegg må plasserast og utformast med tilpassing til desse kulturminna, og gjerne underordne seg dei. Fjaler kommune skal starte arbeidet med ein kulturminneplan i 2014, der det vil bli gjennomført ei registrering av kulturminne innan gamle ferdselsvegar og skulehistorie. Det skal takast omsyn til registrerte kulturminne i kommuneplanens arealdel. Større kulturmiljø og område med høg lokal og regional verdi vil få særskilde føringar.

Område av særleg kulturhistorisk verdi:

- Den Trondhjemske Postvei: Strekninga Dale - Leirvik vart bygd i 1801-1806 som ledd i vekefast postgang mellom Bergen-Molde -Trondheim. Postvegen går gjennom eit variert kulturlandskap med mange interessante kulturminne.
- Tysse/Leitet - kulturmiljø
 - Lillingstonheimen/Sorenskrivargarden: hovudbygning i tre frå 1808 med tilhøyrande bygg, hage og kulturlandskap. Oppført av Sorenskrivar Nils Landmark
 - Fredensborg: park og gravlund etter familien Landmark
 - Leitet: hus etter Distriktslækjar Lars Stub Heiberg Landmark. Huset vart flytta frå Fridalen i Bergen kring 1845 Her står også internatet etter Marie Landmark sin husstellskule.
 - Fagervik: hus etter Ordførar Johan Widing Heiberg Landmark, oppført om lag 1830
- Lirva: kulturlandskap/gamal husmannsplass med bakkemurer og enger med rik og verdifull flora. Et godt eksempel på tidligere tiders driftsmetoder i jordbruket (Karlstad 1993, Rudsengen og Kallekleiv 1991).
- Tyssedalen: klyngetun med bygningsmiljø som representerer gardsdrifta frå før moderniseringa av jordbruket. Dei fleste bygningane er frå tidleg 1800-tal.
- Eikarolfjæra: naustmiljø datert tilbake til slutten av 1600-talet
- Slettelandsstølen: stølsmiljø og kulturlandskap. Sela stod opphavleg lenger inne i dalen og stammar sannsynlegvis frå slutten av 1700-talet/byrjinga av 1800-talet.
- Krossen i Korssund: norsk-keltisk steinkross reist mellom 950-1050
- Industribygg i Dale: produksjonslokaler frå fyrste halvdel av 1900-talet, i hovudsak etter tønne og skoproduksjon.

• Kulturmiljø i Dale sentrum:

- Fjaler gamleheim/Kveldsol (1920)
- Gamle banken (1923)
- Tusenårsstaden: Folkebadet (1936), Skulehuset (om lag 1860), Kommunehuset (1895), Jakob Sande-tunet/klokkargarden (eldste huset frå 1700-talet)
- Steia: gard frå 1500-talet og tilhaldsstad for Nikka Vonen sin jenteskule med tilhøyrande vaskehus frå 1880
- Dale kyrkje (1864)
- Vonenhuset: freda gardshus med eldste del frå 1500-talet
- Borgen/Lassedammen: gamal strandsitjartomt. Noverande hus er bygt med restar av tømmer frå den gamle Dalskyrkja kring 1862

Regionalpark:

Med bakgrunn i prosjekt Kystarven - del av Kommunal og Regionaldepartementet (KRD) sitt verdiskapingsprogram for lokale og regionale parker - har Solund kommune fått midlar til å utgreie moglegheitene for ein regionalpark på tvers av kommunale og regionale grenser langs kysten vår. Dette er eit arbeid som regionrådet i HAFS støttar, og Fjaler kommune stiller seg positive til å bli inkludert i eit slikt samarbeid, og til å utgreie potensialet ved etablering av ein regionalpark.

Lokale og regionale parkar er ein samarbeidsmodell for bygdeutvikling og bærekraftig bruk av område i Norge med særeigne natur- og kulturverdiar. Hensikta med Verdiskapingsprogrammet til KRD er å bidra til lokal og regional utvikling gjennom å ta vare på og utvikle natur, kultur, og miljø og menneskelege ressursar i gjeldande område. Parkane skal fremje heilskapleg stads- og næringsutvikling, samt levande bygdesamfunn i områder med nemnde verdiar (regjeringen.no 2013).

Overordna mål					
Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktige natur- og kulturlandskap					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Plan/Ansvar:	Tidsperspektiv	Økonomi:
Bevare dei store landskapstrekk og landskapsverdiane, og begrense inngrep som byggjer ned desse. Ivareta kulturlandskapet og lyngheiene og begrense attgroing. Ivareta viktige kulturminne og kulturmiljø. Auke verdiskapinga basert på natur- og kulturarven Sikre allmenn tilgang til natur og friluftsområde.	Unngå utbygging i store samanhengande områder utan større tekniske inngrep (i stor grad fjellområder/snaufjell), og i viktige friluftsområde, sårbare landskap og regionalt viktige grøntdrag, samt viktige kultur- og naturlandskap Registrere dei viktigaste kjerneområda for landbruk og kulturlandskap Registrere dei viktigaste natur- og friluftsområda Utgjeie mogelegheitene for kommunal deltaking i ein regional park	Delta i interkommunale og regionale satsingar og prosjekt innan natur- og kulturforvaltning	Arealdelen Kommunedelplanen for Dale Kulturminneplanen Kommunen/ Kystkultur-akademiet	Planperioden 2014 – 2015	
Sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Ivareta naturmangfaldet	Registrere viktige mineralførekomst i kommunen Oppretthalde ei lokal og berekraftig forvaltning av hjortestammen Sikre ei berekraftig forvaltning av lakseressursane Støtte arbeidet med kartlegging av biologisk mangfald (også marint biologisk mangfald) Ta omsyn til naturmangfaldet i planlegginga og gjennom handsaminga av enkeltsaker.		Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt i Fjaler 2013-2016		

10. Bustadbygging og bumiljø

Kommunesenteret i Fjaler ligg i Dale og tal innbyggjarar som soknar til Dale har auka dei siste åra. I inneverande planperiode har det vore tilgjengeleg ei blanding av kommunale og private tomter med ulik lokalisering i Dale, men det byrjar no å minke på ledige tomter. Det er sterke ynskje og mange innspel om å legge til rette for fleire tomter og byggefelt. Fjaler sin strategi for utbygging vil vere å fortette i størst mogleg grad både i Dale og i bygdesentra og med det ivareta ein berekraftig bustadstruktur, samt hindre nedbygging av jordbruksland og landskap.

Rekruttering til dei lokale bedriftene, utvida pendlingsmoglegheiter i samband med opning av Dalsfjordsambandet, samt utbygging av Lutelandet, krev at ein har tilstrekkelege og attraktive tomter klare til dei som måtte ynskje å etablere seg i Fjaler, både i ytre strøk og i Dale. Med tanke på å auke folketalet i Dale vil tilrettelegging av tomter og gode bustadstrukturar vere ei prioritert oppgåve framover.

Det er i mindre grad ein del bustadbygging i Fjaler som fylgje av heimattflytting til gardsbruk. Samtidig som det er viktig å verne om kjerneområda for landbruk i kommunen og unngå at desse vert stykka opp, ynskjer ein å tillate frådeling av tomter til bygging av hus nummer to på gardar der dette er tenleg for gardsdrifta og folketalet i fråflyttingstruga område.

Kommunen sin strategi er at nye bustadfelt i hovudsak skal lokalisrast nær bygdesentra (m butikk og skule) Dale, Flekke, Grytøyra, og i frå før utbygde område, og dermed bidra til å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø. Spreidd busetnad vil vi prioritere i bygdene Straumsnes, Korssund, Folkestad, Guddal. Det

må setjast av areal til nye byggeområde og vurderast kvar ein kan tillate spreidd utbygging i LNF-område.

For større område vert det krav om utarbeiding av reguleringsplan, medan det må utarbeidast nærare føresegner/retningslinjer for område der ein tillèt spreidd utbygging.

Utbygging av nye areal både til bustader og hytter gjev eit auka press på tilrettelegging av småbåthamner og det er liten/ingen kapasitet i dei eksisterande båthamnene i kommunen. Det må opnast for utviding av eksisterande hamner og etablering av nye.



Bilete 9: Bygningsmiljø i Dale. Foto: Marit Hammer


Overordna mål						
Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.						
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Tidsperspektiv	Plan:	Ansvar:	Økonomi:
Innbyggjarane i Fjaler skal ha tilstrekkelege og attraktive tomter å velje i. Det skal vere tilgjengelege gjennomgangsbustader for grupper som har behov for dette (som ungdom/førstegongsetablerarar, flyktningar, eldre, vankselegstilte, m.fl.) Sikre tilstrekkeleg areal til småbåthamner i bygdene	Legge til rette for nye bustadstrukturar og fortette busetnaden i Dale og dei andre bygdesentra i Fjaler.	Setje av areal til nye bustadstrukturar i kommunens arealdel og kommunedelplanen for Dale, samt vurdere og kartsetje område for fortetting.	2014	Kommuneplanens arealdel og kommunedelplanen for Dale	Arbeidsgruppene for kommuneplanarbeidet og kommunens administrasjon	Invest
	Setje av område for spredt busetnad (også nær sjø) kring fleire bygder.	Kommunen bør legge til rette for salg av bustadtomter og ha tilgjengelige gjennomgangsbustader	2014-17			
	Kombinere bustad og næring i Dale.	Utviding av eksisterande småbåthamner og avsetting av areal til nye	2014-17			

11. Hyttebygging

Hytteutbygging kan gje verdifulle inntekter og arbeidsplassar til kommunen, men fritidsbusetnad beslaglegg også betydelege areal, både i fjellet og langs sjøen. Det har vore stor pågang for etablering av nye hyttefelt i Fjaler, spesielt i ytre del av kommunen. Fleire nye område er allereie godkjent gjennom reguleringsplan, medan andre ventar på avklaring gjennom kommuneplanen. Samla sett er det i dag eit stort tal ledige tomter ulike stader i kommunen.

Miljøverndepartementet oppmodar om at kommunane legg meir vekt på miljøomsyn og kvalitet ved planlegging av hytteområde og sikrar viktige natur- og landskapsverdiar, samt ålmenta sin tilgang til friluftsområde. Ettersom det fortsatt er god kapasitet i eksisterande hyttefelt og ettersom friluftsliv og landskapsverdiar står sterkt i Fjaler, vert det ikkje lagt opp til ei stor hytteutbygging i næraste planperiode. Det vert fokus på få til god kvalitet, meirverdi og ringverkander i dei områda som allereie er regulerte og i eventuelle nye felt.

Utbygging av nye areal både til bustader og hytter gjev eit auka press på tilrettelegging av småbåthamner og det er liten/ingen kapasitet i dei eksisterande båthamnene i kommunen. Då båtplass og tilgang til sjø er viktig for mange av dei som ynskjer fritidsbustad i Fjaler må det opnast for utviding av eksisterande småbåthamner og etablering av nye.



Bilete 10: Bortheim. Foto Siren Juliussen

Overordna mål					
Utbygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta sin tilgang til friluftsområder.					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Plan/ansvar:	Tidsperspektiv	Økonomi:
Fjaler skal ha tilstrekkelige og attraktive tomter med vekt på miljøhensyn og meirverdi i dei ulike bygdene	Fortetting i eksisterande felt Opne for spreidd bygging i enkelte avgrensa områder (der det allereie er enkelttomter frå før) Sikre tilstrekkeleg areal til småbåthamner i bygdene Unngå utbygging i store samanhengande områder utan større tekniske inngrep (i stor grad fjellområder/snau fjell), og i viktige friluftsområde, sårbare landskap og regionalt viktige grøntdrag, samt viktige kultur- og naturlandskap	Endring av reguleringsplanar eller frådelling av enkelttomter. Utviding av eksisterande småbåthamner og avsetting av areal til nye Definere viktige friluftsområde og urørt/sårbart kultur- og naturlandskap Setje av areal til eventuelle hyttefelt i arealdelen	Arealdelen og reguleringsplanar for dei enkelte områda	2014	

12. Infrastruktur, samferdsel og kommunikasjon

Infrastrukturtiltak knytt til fiberutbygging (breiband), overnattingskapasitet (hotell) og samferdsel (betre vegar) vil vere viktig for vidareutvikling av næring og tenester i kommunen, samt for å imøtekome nye og eksisterande innbyggjarar sine behov. Trafikken ventast å auke som følgje av Dalsfjordsambandet og det vert viktig å arbeide for å få utbetra fylkesveg 57.



Bilete 11: Vegval. Foto: Monica Sæle

Overordna mål					
Fjaler kommune skal jobbe for bedre infrastruktur: veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløyser (mobil og fiber)					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Tidsperspektiv	Ansvar/Plan:	Økonomi:
Gode og tenelege kommunikasjonar på land, sjø og i luft	Fjaler kommune skal arbeide for opprusting av fv57	Opprusting av FV57	Planperioden	Fylkeskommunen	Invest
		Betre vegløyser til Lutelandet		Fylkeskommunen/ verksemdar/kommunen	
	Arbeide for eit godt og teneleg flytilbod på Førde Lufthamn, Bringeland	Vedlikehald, grøfing og asfaltering av kommunale vegar		Kommunen	Drift/invest
	Arbeide for eit godt regionalt båttilbod			Kommunen, Fylkeskommunen.	
Samanhengande gang- og sykkelveg med belysning i Dale sentrum	Revidere trafikktryggleiksplanen	Lyssett gang og sykkelveg Dingemoen - Haaland		Kommunen, verksemdar Fylkeskommunen	
Trafikktryggleik	Fjaler kommune skal legge til rette for utbygging av overnattingstilbod i Dale				
Betre overnattingskapasiteten i kommunen		Gjennom FNU støtte og hjelpe fram initiativ for etablering av overnattingstilbod i Dale			
Oppdaterte og sikre mobil- og breibandstenester til alle bustader, institusjonar og bedrifter i heile kommunen					

13. Sentrumsutvikling

Vi ynskjer at Dale skal vere ein levande tettstad med urbane kvalitetar der folk både jobbar og bur. Å skape liv i sentrum utover butikkane si opningstid er ei prioritert oppgåve og for å få det til må ein legge til rette for både busetnad, næringsaktivitet og kultur- og fritidstilbod i sentrumskjerna. Det er også eit sterkt ynskje blant innbyggjarar og folkevalde å opne Dale mot sjøen.



Bilete 12: Dalsbua. Foto: Marit Hammer

Overordna mål					
Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad					
Mål:	Strategi:	Tiltak:	Tidsperspektiv	Ansvar/plan:	Økonomi:
Plasskrevjande og støyande industri skal ligge utanfor Dale sentrum på eigne område	Planlegge egna områder til industri og samlokalisering av industrinæringa	Avsette areal til industri utanfor sentrum	2014	Kommuneplanen	
Opne Dale mot sjøen	Utarbeide ein områdeplan for sentrum Gjennomføre tettstadanalyse/ Søke tettstadmidlar/regionale midlar	Tilrettelegge for ferdsel langs, og til/frå sjø Etablere gjestekai/dagkai i sentrum Opparbeide gangsoner til og i strandsona	2014 Planperioden Planperioden	Tettstadanalyse og områdeplan utførast av kommunen i samarbeid med fylkeskommunen og innbyggjarane gjennom metoden Open form. Kommunen, grunneigarar	Drift Invest Invest
Skape ei heilskapleg og aktiv sentrumskjerne med busetnad, næringsaktivitet og kultur- og fritidstilbod	Utarbeide ein områdeplan for sentrum Gjennomføre tettstadanalyse/ Søke tettstadmidlar/regionale midlar	Redusere biltrafikken i Dale sentrum Etablere attraktive møteplassar Tilrettelegge for fleire butikk og kontorlokale Ruste opp parken	2014 Planperioden Planperioden 2014/Planperioden	Tettstadanalyse og områdeplan utførast av kommunen i samarbeid med fylkeskommunen og innbyggjarane gjennom metoden Open form. Kommune, FNU, verksemdar Kommunen	Drift Drift/invest Invest